

**Til medlemmer av kontrollutvalet i Fedje kommune, ordfører og revisor (Vestlandsrevisjon IKS)**

Kopi: kommunedirektør, økonomisjef, postmottak

**Innkalling til møte i kontrollutvalet i Fedje kommune****Møtedato:** 01.06.2022, kl. 09.15 – ca. 13.00**Møtestad:** Fleirbrukshallen**Saksliste:**

Saksnr.	Tittel	Vedlegg
12/23	Godkjenning av innkalling og saksliste	
13/23	Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte 16.02.2023	1
14/23	Meldingar a. Ny rettleiar om «påse/sjå til-ansvaret» frå NKRF b. Tilstandsrapport barnevernet c. Planprosess for oppvekstplan d. Budsjettrullering ved årsavslutning 2022	
15/23	Årsrekneskap og årsmelding – uttale frå kontrollutvalet - <b>ETTERSENDAST</b>	2 – 6 <b>(ETTERSENDAST)</b>
16/23	Aktuelt i Fedje kommune	
17/23	Statusorientering: forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «internkontroll med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året»	7
18/23	Medlemsskap FKT – framlegg frå sekretariatet	
19/23	Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2024	
20/23	Møteprotokollar frå politiske utval	
21/23	Eventuelt	

Forfall må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post: [trude.bruket@regionnordhordland.no](mailto:trude.bruket@regionnordhordland.no) eller tlf.: 97 01 98 93.Innkallinga og sakspapir vert berre sendt per e-post. PDF-fila vert også publisert i kommunen si innsynsløysing. Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sine heimesider og i innsynsløysinga: <http://innsyn.sing.no/Fedje/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=utvalg>

Med vennleg helsing

Brit Gunn Tangen  
*Leiar i kontrollutvalet*Trude Bruket  
*Kontrollutvalssekretær*



# FEDJE KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG TIL MØTET 01.06.2023

## INNHALDSLISTE

12/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet.....	2
13/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte.....	2
14/23 Meldingar.....	2
15/23 <b>ETTERSENDAST:</b> Årsrekneskap og årsmelding 2022 – uttale frå kontrollutvalet.....	3
16/23 Aktuelt i Fedje kommune.....	3
17/23 Statusorientering: forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «internkontroll med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året».....	3
18/23 Medlemskap i FKT, forum for kontroll og tilsyn .....	4
19/23 Framlegg til budsjett kontrollutvalsarbeidet 2024 .....	5
20/22 Møteprotokollar frå politiske utval.....	7
21/22 Eventuelt.....	7



## 12/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

### SAKSOPPLYSNINGAR

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 01.06.2023 er godkjent.

## 13/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

*Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 16.02.2023*

### SAKSOPPLYSNINGAR

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 16.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.

## 14/23 MELDINGAR

- a. Ny rettleiar om «påse/sjå til-ansvaret» frå NKRF
- b. Tilstandsrapport barnevernet
- c. Planprosess for oppvekstplan
- d. Budsjettrullering ved årsavslutning 2022

*Saksvedlegg:*

- a. *Digitalt vedlegg:* [Ny NKRF-veileder for kontrollutvalgets påseansvar - NKRF](#)
- b. *Digitalt vedlegg:* [Dokument 23/1401 - Tilstandsrapport Alver barnevernsteneste - Fedje kommune \(sing.no\)](#)
- c. *Digitalt vedlegg:* [Dokument 23/1364 - Planprosess for oppvekstplan i Fedje kommune - Fedje kommune \(sing.no\)](#)
- d. *Digitalt vedlegg:* [Dokument 23/492 - Budsjettrullering ved årsavslutning 2022 - Fedje kommune \(sing.no\)](#)

### SAKSOPPLYSNINGAR:

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldings sakene a – d til orientering.



## 15/23 **ETTERSENDAST**: ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022 – UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

*Saka vert ettersendt så snart fullstendig, ferdigstilt årsrekneskap og årsmelding for Fedje kommune 2022, samt revisjonsmelding og rapport om årsrekneskapen er motteke, og sekretariatet har fått utarbeidd framlegg til uttale til årsrekneskap og årsmelding.*

## 16/23 AKTUELT I FEDJE KOMMUNE

### SAKSOPPLYSINGAR

Kommunedirektør og ordførar er bedne om å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Fedje kommune. Dei er spurde om å prioritere saker som har eit internkontroll-/systemfokus, som er særleg relevant for kontrollutvalet.

Til dette møtet er også rådmannen beden om at det vert inkludert ei kort orientering om rekrutteringsprosessar, jamfør at mange stillingar har vore lyst ut.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## 17/23 STATUSORIENTERING: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT MED TEMA «INTERNKONTROLL MED FOKUS PÅ ØKONOMISTYRING, HERUNDER OPPFØLGING OG RAPPORTERING I HEILE ORGANISASJONEN GJENNOM ÅRET»

*Saksvedlegg: Notat framdrift forvaltningsrevisjon internkontroll Fedje 2023*

### SAKSOPPLYSINGAR

I førre møte, sak 08/23, godkjente kontrollutvalet framlagde prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll; med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året.»

Kontrollutvalet ynska ferdigstilling innan utgangen av september, og å få korte statusrapportar i komande møte. Eit statusnotat frå revisor ligg ved saka.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek statusorienteringa om arbeidet med, og framdrifta i, forvaltningsrevisjonsprosjektet om «Internkontroll; med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året» til informasjon.

**18/23 MEDLEMSKAP I FKT, FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN**

Saksvedlegg:

*fkt-brosjyre2022-23* – digital: <https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2019/06/fkt-brosjyre2022-23.pdf>

*fkt-vedtekter-endret-2022* – digital: <https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2019/06/fkt-vedtekter-endret-2022.pdf>

---

**SAKSOPPLYSINGAR****Samandrag**

Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å melda seg inn i FKT – Forum for kontroll og tilsyn, for å ta del i eit viktig kompetansearbeid.

**Saksopplysingar**

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og sekretariat. Per 1.3 2023 har organisasjonen 192 kommunar, 7 fylkeskommunar og 22 kontrollutvalssekretariat som dekker meir enn 250 kommunar/fylkeskommunar som medlemmer. Sekretariatet i Region Nordhordland IKS (RNI) vart medlem hausten 2022.

FKT sitt føremål er å vera «*en møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontrollarbeid i kommuner, fylkeskommuner, Sametinget og Longyearbyen lokalstyre.*»

Gjennom ulike arbeidsgrupper, sett saman av representantar frå medlemsorganisasjonane, utarbeider FKT blant anna ei rekkje rettleiarar til kontrollutvala og sekretariata sitt arbeid. Dette arbeidet vert såleis utvikla «på dugnad» gjennom fellesskapet i FKT. I fleire tilfelle samarbeider FKT med NKRF – kontroll og revisjon i kommunene om rettleiarar og fagutvikling. FKT er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og sekretariat, og NKRF for revisjonsselskap og sekretariat. FKT er einaste kompetanseorganisasjonen som kontrollutval kan vera medlem i.

I 2022 publiserte FKT blant anna ein rettleiar for handsaming av henvendingar til kontrollutvalet, [Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](https://www.fkt.no). Alle kontrollutvala som RNI er sekretariat for gjorde vedtak om å nytta rettleiaren. I tillegg lagar FKT opplæringspakkar for nye kontrollutval, og held på å revidere ein slik opplæringspakke for nye kontrolluval som startar hausten 2023.

Kontingentsatsane i FKT for 2023 er følgande:

- |                                       |           |
|---------------------------------------|-----------|
| • Kommune 0 – 5 000 innb.:            | kr 3 700  |
| • Kommunar 5 001 – 10 000 innb.:      | kr 7 500  |
| • Kommunar 10 001 – 20 000 innb.:     | kr 9 700  |
| • Kommunar 20 001 – 50 000 innb.:     | kr 13 000 |
| • Kommunar med meir enn 50 000 innb.: | kr 16 000 |
| • Fylkeskommunar:                     | kr 16 000 |
| • Sekretariat:                        | kr 9 700  |



Les meir om FKT på [Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](https://forum.fkt.no)

Sekretariatet si vurdering og anbefaling:

Fedje kontrollutval bør delta i medlemsfellsskapet, og betala kontingent, når kontrollutvalet nyttar ressursar utvikla av FKT. Det finst kun ein kompetanseorganisasjon som kontrollutval kan vera medlemmer i, og det er ikkje ein stor økonomisk kostnad med medlemskap. Kontingenten vert lagt inn i sekretariatet sitt utkast til kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett. Kontrollutvallsmedlemmer i medlemskommunane får elles noko rabatt på kurs og konferansar som vert arrangert av FKT.

---

## SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

---

## 19/23 FRAMLEGG TIL BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2024

---

### SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 utarbeide spesifisert forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Etter kommunelova § 14-3 skal dette framlegget følgje innstillinga til årsbudsjettet til kommunestyret.

Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontrollarbeidet i kommunen, som mellom anna skal dekkja utgifter til aktiviteten i kontrollutvalet, sekretærbistand og revisjon.

Kontrollutvalet er eit lovpålagd utval, og har ei sentral rolle i eigenkontrollen i kommunen. Kontrollutvalet har fleire oppgåver som er regulerte i lov og forskrift, og skal mellom anna uttale seg om årsrekneskapen og årsmeldinga frå kommunen, utarbeide planar for, og bestille forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og rapportere til kommunestyret om dette.

Budsjettet til kontrollutvalet må innehalde kostnader knytte til revisjonsaktivitetar, sekretariatsarbeid, møtegodtgjersle/tapt arbeidsinntekt, opplæring gjennom kurs og konferansar og møteutgifter mellom anna. Det er også anbefalt at budsjettet for kontrollarbeidet inneheld ein budsjettpost til uføresett kontrollarbeid.

Kostnader knytt til revisjon og kontrollutvalsekretariat er avtalefesta, gjennom selskapsavtalane for Vestlandsrevisjon IKS og sekretariattenesta i Region Nordhordland IKS (RNI).

I forslaget til total ramme er det ikkje lagt opp til vesentlege endringar i utvalet sitt samla aktivitetsnivå for 2024, men ein må pårekne å bruke noko meir på opplæring, då det vert konstituert eit nytt kontrollutval hausten 2023. Dei seinare åra har det stort sett vore gjennomført 4 møte. Dersom konkrete saker eller problemstillingar oppstår kan det verta behov for fleire møte eller meirarbeid for revisor og/eller sekretariat. I budsjettforslaget er det teke høgde for noko uføresett



kontrollarbeid i 2024, men innafør ei relativt avgrensa ramme. Kontrollutvalet har høve til å be kommunestyret om ekstra midlar dersom uføresette kontrolloppgåver av større omfang vert naudsynte.

Med bakgrunn i ei vurdering av neste års ressursbehov har sekretariatet sett opp følgjande framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet i 2024:

<b>Fedje kontroll og revisjon 2024</b>	<b>Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg 2024</b>	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett 2023*</b>	<b>Kommentarar</b>
Revisjon	kr 600 000	kr 545 350	kr 555 000	1
Sekretariat	kr 87 000	kr 62 336	kr 73 000	2
Møtegodtgjersle KU	kr 50 000	kr 37 351	kr 50 000	3
Diverse møteutgifter	kr 10 000	kr 5 935	kr 6 000	4
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 3 700	kr 0	kr 1 000	5
Opplæring kontrollutvalet, inkl. reise	kr 50 000	kr 13 958	kr 30 000	6
Uføresette kontrollutgifter	kr 50 000	kr 0	kr 0	7
<b>Totalt</b>	<b>kr 850 700</b>	<b>kr 664 930</b>	<b>kr 715 000</b>	

\*Vedteke budsjett for 2023 samsvarer med kontrollutvalet sitt framlegg.

#### Kommentarar til tabellen:

1) Kostnad til revisjon følgjer av avtale til Vestlandsrevisjon IKS. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2023.

2) Kostnad til kontrollutvalssekretariat følgjer av avtalt kostnadsfordeling mellom eigarkommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2023.

3) Kontrollutvalet sine eigne utgifter er knytt til fast årleg godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, møtegodtgjersle, reiseutgifter m.m.

4) Diverse møteutgifter som møtemat med meir.

5) Kontingent i FKT.

6) Kontrollutvalsmedlemmene bør kunne delta på kurs årleg for å vere oppdatert på sentrale lovkrav og rammer for kontroll og tilsyn. Det vert jamleg arrangert kurs for kontrollutval av blant anna fagorganisasjonane NKRF og FKT.

7) Det er anbefalt å legge inn ein kostnadspost knytt til uføresett kontrollarbeid (jf. kontrollutvalsboka).



---

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 850 700,-.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følga innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

## 20/22 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

---

### SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Kontrollutvalsmedlemmene kan i dette faste sakspunktet orientere kvarandre om politiske saker som er relevante for utvalsmedlemmene å kjenne til.

Møteplan og protokollar frå politiske møter kan ein finne på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: kommunen: [Møteplan 2022 - Fedje kommune \(sing.no\)](#)

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

## 21/22 EVENTUELT

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*





# FEDJE KONTROLLUTVAL

## PROTOKOLL

Møtedato:	16.02.2022, kl. 09.15 – 11.40
Stad:	Fleirbrukshallen, Fedje
Tilstades:	Brit Gunn Tangen (leiar), Anna Marit Storemark (nestleiar), Alf Nordseth, Inger Steinsbø (medlemmer)
Forfall:	Jan Håkon Husa (ikkje møtt)
Andre:	Ordførar, Stian Herøy (til og med sak 08/22), kommunedirektør Berit Karin Rystad (i sakene 04/23, 05/23, 06/23 og 07/23), økonomisjef Bjarte Willanger (i sak 04/23 og 07/23)
Revisjon:	Revisjonssjef Janne Eraker og Revisor Ragnhild Kartveit Høyland, Vestlandsrevisjon IKS
Sekretariat:	Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

## INNHALDSLISTE

01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet.....	2
02/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte.....	2
03/23 Meldingar.....	2
04/23 Orientering om finansielle måltal og kommunal økonomiske berekraft – inkl. kort status om avslutning av årsrekneskapan.....	3
05/22 Tilbakerapportering: Oppfølging av tilrådingar etter forenkla etterlevingskontroll 2021 med tema betaling for langtidsopphald på sjukeheim.....	4
06/23 Aktuelt i Fedje kommune.....	4
07/23 Orientering: revisjonsrapport interim 2022.....	5
08/23 Prosjektplan: forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «internkontroll med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året».....	5
09/23 Fedje kontrollutval årsmelding 2022.....	6
10/23 Møteprotokollar frå politiske utval – evaluering av denne som fast sak i kontrollutvalet.....	6
11/22 Eventuelt.....	7



## 01/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 16.02.2022 er godkjent.

### HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 16.02.2022 er godkjent.

## 02/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 23.11.2022 er godkjent slik den ligg føre.

### HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 23.11.2022 er godkjent slik den ligg føre.

## 03/23 MELDINGAR

- a. Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet 2023
- b. Årsmelding kontrollutvalssekretariatet 2022
- c. Statsforvaltaren sitt tilsyn beredskapsplikt og helseberedskap.
- d. Kommunebudsjettet for 2023 og økonomiplan for 2023-2026
- e. Gjennomført tilsyn «Miljøretta helsevern» Fedje skule
- f. Årsmelding 2022 miljøretta helsevern
- g. Tilsynssak organisering av allmennlegetenesta og legevakt
- h. Invitasjon frå FKT til fagkonferanse for kontrollutval 31. mai-1. juni



---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Leiar gjekk gjennom meldingssakene.

Ingen spørsmål eller merknader.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

---

### 04/23 ORIENTERING OM FINANSIELLE MÅLTAL OG KOMMUNAL ØKONOMISKE BEREKRAFT – INKL. KORT STATUS OM AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om finansielle måltal, KØB og status for avlegging av årsrekneskapen til orientering.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Økonomisjef Bjarte Villanger orienterte i saka.

Kommunedirektør Berit Karin Rystad orienterte kort om at årsrekneskapen er planlagt avlagt 31.3.2023. Dette er etter fristen, men avtala med revisjonen.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om finansielle måltal, KØB og status for avlegging av årsrekneskapen til orientering.



## 05/22 TILBAKERAPPORTERING: OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR ETTER FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL 2021 MED TEMA BETALING FOR LANGTIDSOPPHALD PÅ SJUKEHEIM

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om kommunen si oppfølging av tilrådingar etter etterlevingskontrollen 2021 til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Kommunedirektør Berit Karin Rystad gav ei utfyllande orientering knytt til notatet som var levert i saka.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om kommunen si oppfølging av tilrådingar etter etterlevingskontrollen 2021 til orientering.

## 06/23 AKTUELT I FEDJE KOMMUNE

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Ordfører Stian Herøy gav ei kort orientering om:

- Det er bede om ei juridisk betraktning rundt tilgang til basseng utanom ordinær opningstid.
- Opsjon på posthuset og handsaming i formannskapet.
- Vedtak om mottak av flyktningar.

Kommunedirektør Berit Karin Rystad gav ei kort orientering om:

- Rekrutteringsprosess.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



## 07/23 ORIENTERING: REVISJONSRAPPORT INTERIM 2022

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si orientering om interimsrevisjonen til informasjon.

### HANDSAMING I MØTET

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om interimsrevisjonen.

Økonomisjef Bjarte Villanger gav noko utfyllande informasjon knytt til punkt i interimsrevisjonen.

Kontrollutvalet stilte spørsmål til revisor og økonomisjef, som svara ut.

Kommunedirektør Berit Rystad gav utfyllande informasjon rundt rekruttering av kompetanse til økonomiområdet.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si orientering om interimsrevisjonen til informasjon.

## 08/23 PROSJEKTPLAN: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT MED TEMA «INTERNKONTROLL MED FOKUS PÅ ØKONOMISTYRING, HERUNDER OPPFØLGING OG RAPPORTERING I HEILE ORGANISASJONEN GJENNOM ÅRET»

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll; med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året» og godkjenner den slik den ligg føre frå Vestlandsrevisjon IKS.
2. Kontrollutvalet ynskjer ferdigstilling og handsaming av prosjektrapporten innan utgangen av september 2023.
3. Kontrollutvalet ber om å få korte statusrapportar i komande møte.

### HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland presenterte vedlagde framlegg til prosjektplan, med fokus på økonomistyring i eit internkontrollperspektiv.

Kontrollutvalet drøfta planen.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



---

## VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll; med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året» og godkjenner den slik den ligg føre frå Vestlandsrevisjon IKS.
2. Kontrollutvalet ynskjer ferdigstilling og handsaming av prosjektrapporten innan utgangen av september 2023.
3. Kontrollutvalet ber om å få korte statusrapportar i komande møte.

### 09/23 FEDJE KONTROLLUTVAL ÅRSMELDING 2022

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta årsmeldinga.

Kontrollutvalsleiar ynskjer å leggja fram saka for kommunestyret.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

## VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.

### 10/23 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL – EVALUERING AV DENNE SOM FAST SAK I KONTROLLUTVALET

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Ingen framlegg til vedtak.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta føremålet med saka, om den skal stå som fast sak framover, og korleis denne i så fall bør gjennomførast i møta.

Kontrollutvalet drøfta seg fram til eit felles vedtak i saka:

*Kontrollutvalet ynskjer saka på sakskartet i samband med møte.*



Dette vart samrøystes vedteke.

---

#### VEDTAK

Kontrollutvalet ynskjer saka på sakskartet i samband med møte.

#### 11/22 EVENTUELT

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*

Knarvik, 26.5.23.

### **Notat om status på forvaltningsrevisjon**

Prosjektet er i innleiande fase der hovudfokus er detaljplanlegging, avklaring av dokumentasjonsbehov og arbeid i høve til revisjonskriterier.

Vi planlegg å gjennomføre oppstartsmøte, starte datainnsamling samt utsending av spørjeundersøking før sumaren.

Vi arbeider for å nå målsetjinga om å ferdigstille rapporten slik at kontrollutvalet kan handsame denne innan utgangen av september.

Vi vurderer at prosjektet har ei framdrift i samsvar med vedtatt prosjektplan.

Med helsing  
Vestlandsrevisjon IKS

Ragnhild K. Høyland  
Oppdragsansvarleg revisor